

Spar Uskedalen: Ope før hanen gjel!

27.03.2017



OPE

FØR
HANEN
GJEL!

Fra og med
mandag 27.03
6-22 (mand-fred)
198-20 (torsdag)

OPE FRA 06:00

SPAR 

USKEDALEN

God respons på tidlegopning.

I dag var første dag med tidlegopning om morgonen på Spar Uskedalen. I det klokka passerte 6, opna dei dørene. Då uskedalen.no stakk innom litt før klokka 7, vart eg møtt av ein smilande og fornøgd dagleg leiar, Bente Nilsen, som kunne meddela:

- Ja, her er det kundar, og så la ho til at det hadde vore jamnt og godt besøk første timen. Ho kunne også fortelja at første kunden kom kl.6.10. Det kvarteret eg var der rundt kl.7, var det også fleire som var innom og handla.

- Det er i hovudsak arbeidsfolk på veg til jobb som har vore innom og handla. Det var også hovudmålgruppa, fortalde Bente Nilsen. Dei hadde sjølv sagt vore spente på responsen første dagen, då dei rekna med ordninga trong tid både for å verta gjort kjent, og å bli innarbeidd elles. Bente kunne fortelja at det var fleire som hadde vore innom den første timen enn det dei hadde rekna med.

Då eg var innom butikken seinare på dag, fekk eg også vita at dei var svært godt fornøgd med responsen, og at det hadde vore fleire innom mellom 6 og 7 enn mellom kl.7 og 8. At det er ein del som stikk innom så tidleg på morgonen, er ikkje så overraskande, for det er mange som passerer Uskedalen både på veg innover og utover på denne tida.

Spar Uskedalen vil no ha ope frå kl.6 til 22 alle kvardagar, medan opningstida på laurdagar vert som før, kl.8 til 20.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Spar Uskedalen